



FORSLAG TIL NY LOV OM SKOGBRUK - UTKAST 04.12.03. HØYRING.

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
007/04	Utval for tekniske saker, næring og miljø	17.02.04

Samandrag

Det er samanfatta eit framlegg til uttale på forslag til ny lov om skogbruk (skogbrukslova). Uttalen er stila som brev til Det Kongelege Landbruksdepartement.

Saksdokument

- | | | |
|---|---|------------------------|
| I | Forslag til ny Lov om skogbruk. | Landbruksdepartementet |
| S | Forslag til ny lov om skogbruk - utkast 04.12.03. | |
| U | Forslag til ny lov om skogbruk - utkast 04.12.03. | Landbruksdepartementet |

Vedlegg:

- 1 Forslag til høyringsuttale.
- 2 Lovframlegg.

Saksopplysningar

I Ørskog kommune har ein eit produktivt skogareal på ca. 37.000 dekar som ein kan anse som økonomisk drivverdig. Om lag 6.500 dekar av dette er i dag tilplanta med kulturskog. Her er etablert eit stort volum med biomasse på rot der det kan haustast vel 6.000 m³ pr.år. For å kunne nytte ut denne ressursen må det byggast ut ein del meir skogsvegar samt leveringsplasser for tømmer. Om lag 70 – 80% av areala har vegdekning i dag. Da bruken av verkemiddel frå staten har endra seg dramatisk dei siste to åra, er det uvisst om vegnettet vil bli endeleg utbygd.

Ei stor utfordring ligg i eigartilhøva, der 201 eigedomar er registrert (eigedomar over 10 daa) i kommunen. Gj.snitt. størrelse pr. eigedom er på ca. 200 dekar, som vidare er fordelt på svært mange teigar da det er eit stort behov for jordskifte i utmarka. Frå om lag 1950 og fram til i dag har staten forsøkt å styra skogbruksnæringa med hjelp av offentlege tilskott. Dette har ført til ein storstilt innsats med skogplanting, og ein har lukkast med å bygge opp ein svært stor biomasse som no er klar til å bli hausta. Dersom staten velger å trekka seg ut før vegnettet er bygd ut, vil det bl.a. medføra at ein del kulturskog aldri vil bli hausta.

Forslaget til ny skoglov medfører at kommunen skal setja krav om tiltak, eller syte for at tiltaka blir utførte for skogeigaren si rekning. Kommunen sine kostnader i denne samanheng er tvangsgrunnlag for utlegg.

I praksis vil dette bli svært vanskeleg å praktisera av fleire grunnar, bl.a.:

- mangel på kvalifisert arbeidskraft/ maskinelt utstyr
- mangel på skogsvegar i enkelte områder
- uklare eigarforhold
- Låg lønnsemd med hogst kan medføra tap for eigarane dersom ein får store køyreskader.
- ein vil skapa eit konfliktforhold til eigarane i staden for å vera ein medspelar

Kommentarar

§6. Forynging av skog

Her får kommunen ei fenomenal kontrollmyndighet. Denne myndigheita blir svært vanskeleg å føra ut i det praktiske liv. Med om lag 1000 skogeigedomar for ein skogtenestemann fordelt på mange kommunar blir det helt uråd å kartleggja alle hogstflatene kvart år, og så praktisera ei likebehandling på dette området. Kostnaden med planting har auka med ca. 60% siste året, den siste planteskulen i fylket er lagt ned, dette vil føra til at interessa for å plante ny skog blant skogeigarane vil bli betydeleg redusert. Dersom kommunen skal sørge for at det blir utført skogplanting og stell av plantefelta med å handheva den nye skoglova, har vi ei nesten umogeleg oppgave.

§7.

Her virkar formålet med vegbygginga uklart, skal vegane byggast for miljøverdiane si skuld? Det går ikkje klart fram at vegane kan nyttast til næringsaktivitet eller at det skal setjast noe krav til lønnsomhet.

§10

Dersom kommunen skal iverksette tiltak 2 år etter brann, vindfelling eller skred, vil skogen ofte vera verdilaus med vårt klima. Å sette krav om tiltak/ hogst kan lett medføra svært store utgifter for skogeigaren.

§14 Innbetaling til skogfond.

Skogfondet virkar ikkje etter hensikten da pengane ikkje blir brukt slik som forutsatt. Skogstrøka har andre forutsetningar enn kva kyststrøka på nordvestlandet har. Da skogfonda i kommunane vokser jamt og trutt over tid, blir ein stor kapital låst. Desse pengane er det lita interesse for å bruka etter lova. Ein dag må desse pengane frigis.

§15. Bruk av skogfond.

Her står det at skogfondet skal brukast til langsiktige investeringar. Når så skogsvegar ikkje lenger skal kunne nytta pengar frå skogfondet med skattefordel, blir dette feil. Det må bli enklare å frigi skogfondet når bruken av det er så vidt dramatisk redusert dei siste åra.

Rådmannen legg saka fram med slik

Innstilling:

Ørskog kommune tek utgreiinga til vitande og at uttalen vert i tråd med den framlagde.

BEHANDLING I Utval for tekniske saker, næring og miljø - 17.02.04:

TNM sette fram nytt framlegg:

Ørskog kommune syner til den framlagde utgreiinga frå skogsjefen. Ein seier seg samd i framlegg til § 1 i det nye utkastet til ny skoglov.

Ein kan likevel ikkje sjå at framlegget kan gjennomførast for kystkommunane, med dei eigedomstilhøva som eksisterer i regionen og med dei utal av små skogeigedomar.

Forslaget vil ikkje gje respekt for lovverket då den ikkje kan gjennomførast. Føremålet vil såleis ikkje tene framlegg til §/ 1.

Ørskog kommune rår frå å vedta framlagde utkast til ny skoglov.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

VEDTAK I Utval for tekniske saker, næring og miljø - 17.02.04:

Ørskog kommune syner til den framlagde utgreiinga frå skogsjefen. Ein seier seg samd i framlegg til § 1 i det nye utkastet til ny skoglov.

Ein kan likevel ikkje sjå at framlegget kan gjennomførast for kystkommunane, med dei eigedomstilhøva som eksisterer i regionen og med dei utal av små skogeigedomar.

Forslaget vil ikkje gje respekt for lovverket då den ikkje kan gjennomførast. Føremålet vil såleis ikkje tene framlegg til § 1.

Ørskog kommune rår frå å vedta framlagde utkast til ny skoglov.

Rådmannen i Ørskog

Kolbjørn Snekvik
Skogbrukssjef

Utskrift til: